

Det Kongelige
Moderniseringsdepartement

e-post: postmottak@mod.dep.no

Ølen den 20. juni 2005

Høyringsbrev – endringar i regelverket for offentlege innkjøp.

Bakgrunn/faktiske opplysningar:

Alle kommunar, offentlege etatar og verksemdar er gjennom lov og forskrift pålagt å følgje gjeldande reglar for offentlege innkjøp. Hovudsakleg betyr dette at innkjøp skal konkurransesettast. Moderniseringsdepartementet sendte i april ut høyringsbrev vedkomande endringar i regelverket for offentlege innkjøp i samband med forslag til endring i lov om offentlege innkjøp og forskrift om klagenemnd for offentlege innkjøp.

Bagrunn for endringane er dei nye EU-direktiva, der ein fokuserer på å få meir igjen for offentlege midlar gjennom auka konkurranse og forenkla deler av regelverket for offentlege innkjøp.

Det blei lagt opp til ein prosess der departementet ba Kommunenes Sentralforbund og kommunar/fylkeskommunar og andre brukarar av regelverket om å komme med innspel. Departementet oppnemnde ei ekspertgruppe av innkjøparar og juristar som har kvalitetssikra forslaga som nå blir presenterte. Asplan Viak har stått for evalueringa av eksisterande regelverk for offentlege innkjøp.

Vurdering:

Under EØS-terskelverdiane står styresmaktene i utgangspunktet fritt til å bestemme reglane som skal gjelde innafor offentlege innkjøp. Departementet har invitert til ein prosess med ferdig formulerte problemstillingar i høve til eksisterande forskrifter. Ølen kommune er med i Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet. Dette samarbeidet har tidlegare, saman med Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum, gitt tilbakemelding til KSI (KS sitt innkjøpsforum) om kva slags endringar som burde bli tatt med i det nasjonale regelverket for offentlege innkjøp.

Utgangspunktet med regelverket for offentlege innkjøp bør vere auka verdiskaping, sikre effektiv ressursbruk og lik handsaming av leverandørane. Tilbakemeldingar frå leverandørane viser at regelverket for offentlege innkjøp er for komplisert, spesielt mindre lokale leverandørar opplever regelverket byråkratisk med store krav til formalitet og dokumentasjon på relative små innkjøp/avtalar. Regelverket for innkjøp bør ikkje vere ein uoverstigeleg terskel for å kunne gi tilbod til det offentlege. Innkjøpsregelverket bør tvert imot gi leverandøren mulighet til å vere innovativ og nyskapande, og ein stimulans til å gi tilbod.

Det har tradisjonelt vore små ressursar i kommunane til å sikre og styrke det innkjøpsfaglege miljøet. Det er difor vanleg at innkjøpsfunksjonen blir organisert regionvis. På Haugalandet har me 10 kommunar som samarbeider om innkjøp, Sunnhordaland er 5, Hardanger 6 osv.

Etablering av innkjøpsamarbeid ivaretar hovudsakleg større innkjøp over EØS-terskelverdi (for tida over 1,8 mill kroner).

Slik det er i dag, er det i forskrifts form eit eige kapittel om nasjonale reglar for kjøp under EØS-terskelverdi (forskriftene del III). Det bør vurderast om me treng nasjonale særreglar for innkjøp. Slik forskriftene er i dag, er det med å komplisere regelverket.

Terskelverdiar:

Uavhengig av størrelsen på eit innkjøp, skal det skje etter konkurranse og likebehandling. Når det gjeld kunngjeringsplikt og prosedyre, er dette meir formalisert og mykje meir arbeidskrevjande ved større innkjøp.

Terskelverdiane for vare-/tenestekjøp er per i dag:

- Under kroner 200 000,-

Innkjøpsprosedyre: Innkjøp direkte etter pristilbod frå minst tre leverandørar.

- Mellom kroner 200 000,- og kroner 1 800 000,-

Innkjøpsprosedyre: Innkjøp etter anbuds konkurranse, nasjonal utlysing, formelle krav til utlysing, fristar, prosedyrar mm.

- Over kroner 1 800 000,-

Innkjøpsprosedyre: Innkjøp etter anbuds konkurranse, utlysing i EU-området i tillegg til nasjonal utlysing. Innkjøpsprosessen tar lenger tid, med mellom anna utlysingsfrist på 52 dagar.

Den nasjonale terskelverdien er foreslått auka frå kr 200 000,- til kr 500 000,-.

Ein ser dette som ei forenkling og effektivisering av innkjøp. Intensjonen er at alle innkjøp skal skje etter konkurranse. Dette må kunne gjerast enkelt med standarddokument med nøkkelopplysningar. Det må vurderast ytterlegare auke av den nasjonale terskelverdien til kr 1 800 000,-.

Tilrettelegging av moderne innkjøpsprosessar:

Ei omlegging av regelverket slik at ein kan nytte moderne elektroniske innkjøpsprosessar som er tilpassa teknologien som allereie er i bruk.

Forenkling av reglar:

Ei meir pedagogisk oppbygging av regelverket. Forskriftene må bli enklare og meir brukarvenlege for partane, og gi mindre rom for juridiske tolkingar.

Innføring av gebyr ved brot på regelverket:

Dette utspelet bør ein vurdere grundig før ein set i verk. Det er foreslått at KOFA (klageorganet for offentlege innkjøp) skal ha mynde til å gi gebyr. Vil ein ha eit nytt organ i Norge som har fullmakt til å gjere dette? KOFA har så langt vore rådgjevande i tvistesaker, og bør fortsette med å vere eit upartisk organ. Denne typen gebyr er ikkje ønskjeleg.

Protokollplikt for alle innkjøp over kr 50 000,-

Det bør ved alle innkjøp over ein viss størrelse følgje dokumentasjon med bakgrunn for kjøpet, pris og kva tankar ein har hatt for val av leverandør. Ein slik protokoll må vere enkel å

fylle ut og innehalde kun nokre få linjer, slik at etterprøving er mulig. Me ønskjer ikkje eit større byråkrati.

Universell utforming:

Auka tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne vert integrert i innkjøpsprosessen. Ein imøteser departementet sin generelle rettleiar.

Klager:

Ein kvar kan klage på vedtak sjølv om ein ikkje er ”part”. Det skal ikkje lenger krevjast gebyr for å klage. Me meiner at ein som ikkje er ”part” heller ikkje skal ha mulighet til å klage, sidan dette kan føre til misbruk. Gebyret for klage til KOFA bør setjast opp frå kr 855,- til kr 20 000,-. Samstundes får klagar mulighet til å søkje om tilbakebetaling av gebyr dersom innkjøpar har gjort feil og klagar får medhald i KOFA.

Konklusjon:

Ølen kommune ser i hovudsak dei sentrale punkta i høyringsutkastet som relevante

- Heving av nasjonal terskelverdi
- Tilrettelegging for moderne innkjøpsprosessar
- Meir pedagogisk oppbygging av forskrifter

Fare ved bruk av gebyr ved brudd på regelverket:

Ein kan risikere at kommunar med allereie svak økonomi kan få eit krav mot seg på opp mot 15% av kontraktsverdien. Gebyret kan fort bli mange hundre tusen kroner. Små kommunar med svak økonomi, som ikkje har mulighet til å opprette egne stillingar som innkjøparar i kommunen kan bli skadelidande. Rettsleg prøving av gebyrvedtak for domstolane vil gå ut over vårt allereie ”overbelasta” rettssystem. Auka bruk av rådgjevarar, juristar og liknande på alle trinn vil medføre auka transaksjonskostnader ved innkjøp innafør offentleg sektor.

Med helsing
Ølen kommune